Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erfjord

Emne: Lynging og Mosing.

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Jårvik.

Gard: Hamra

(adresse): Vik i Erfjord.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein lynga enno i vår bygd.
Lyngen er ikkje vanleg årvisst før.
Men når det er seine vårar so er det
~~mange~~ sume som lyngar enno.
Men på dei fleste gardar er det
slutt på lynginga. Etter år 1900 har
det ikkje vore so mykje lynging.
Før den tid so lynga det mykje.
Då var lyngen årvisst før.
Nils Oppedal fødd 1865 fortalde at
dei lynga fulle heile våler fyrste han
kunde minnast. Dei kunde vera seks
sju skyldje frå kvar gard på lynging.
Det var ofte lang veg etter lyngen.
Dei bar lyngsekkene på ryg ned til
dei kom till vegar som var køyrande
på drasle. Vart då lyngen køyrd
heim.
2. No er det um våren ein skjar
lyng. Før lynga dei seinhaustes og
um vinteren og. Ein kallar det
å lynga.
3. Lyngen vert ikkje riven med
hendene. Det er sigd ein nytte
Det er almindelege kornsigdar ein nytte.

2246

4. Det er helst kvinnfolk arbeid.
5. Det vert no lynga so lite at ein reknar ikkje etter kor ofte ein kan skjæra lyngen.
6. Lyngen ber dei helst heim i sekker på ryggen. Sume løyper sekkene på løypestreng.
7. Dei lyngar no berre um våranne so dei gir kam upp etter kvart.
8. Det er kyrne som får den lyng som vert skoren. Dei får helst lyngen åleine. Stundom blanda med høy eller halm. Lyngen vert ikkje hakka. Ein har ikkje noko mål for kor mykje dei skal ha um gangen.
9. Ein reknar ikkje lyngen for å vera godt for.

B. Lyng som beite.
1. Ein driv sauene ut i lyngen sinnhausts. um vinteren og våren. Ingen sopar burt snøen av lyngen.
2. Smalen og dei som har geiter.
3. Det er ein vanleg framgangsmåte på dei gardar som har lyng i nerlikeln
4. Ein reknar det ikkje for å vera noko sers godt for.

## II. Mosing.

Mosing vert ikkje nytta her. Har ikkje høyrt at dei henta mose før heller.

2246

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING